



Mange sat klistra til TV skjermen i dag kl. 14.00 då Statsministeren hadde sin pressekonferanse.

Regjeringa la i dag fram ein kriseplan for korleis ein skal avgrensa smittefaren. Kriseplanen med mange tiltak gjeld alle. Det er faktisk det mest omfattande inngrepet som er gjort i fredstid. Statsministeren bed alle syna solidaritet, personleg ansvar og stå saman når det gjeld. Uskedalen.no har dei siste dagane lagt ut ei rekkje notisar som går på avlysingar og stopp i aktivitetar. Les meir om kva lokale konsekvensar tiltaka vil ha.

- Barnehagane og skulen er stengde, førebels fram til 26. mars. Skulen førebur tiltak for born med tilrettelagde tiltak. Elles vert det lagt til rette for heimeundervisning. Foreldre med samfunnskritiske oppgåver har rett til skule-og barnehagetilbod
- Alle kultur -, idretts- og musikkaktivitetar vert stoppa. Aktivitetshuset og treningsrommet med garderobar er stengd for treningar
- Alle idrettsarrangement, turneringar og kampar er stoppa. Alle grupper i Uskedal Idrettslag innstiller sine aktivitetar
- Kafe Tiaren innstiller drifta inntil vidare
- Alle møte og samlingar vert innstilt inntil vidare
- Konfirmantleiren er avlyst
- Alle kyrkjelege handlingar og tilskipingar vert stoppa, med nokre unntak. Ei utvida kyrkjehelg i Uskedalen i perioden 27. - 31. mars med temakveld, gudsteneste m/ middag og konsert er utsett til hausten



Uskedal skule er stengd frå og med i morgon, fredag 13. mars og førebels to veker framover.

- Alle, også frå Uskedalen, som er i utlandet, vert oppmoda om å koma heim før flytrafikken evt. vert stoppa. Alle skal i heimekarantene
- Det vert sagt nei til fritidsreise både i inn- og utland
- Slekt, pårørande og besøksvenner vert bedd om å ikkje oppsøkja alders- og sjukeheimane i kommunen
- Dei som reiser kollektivt, må tenkja på god avstand til andre reisande
- Ikkje legg inn besøk til eldre personar eller dei som er i risikogruppa
- Alle vert oppmoda om å ikkje hamstra mat. SPAR Uskedalen fortel at det ikkje er naudsynt. Butikken i Uskedalen mottek varer kvar dag. Matleverandørane har store varelager og har lova butikkane matleveranse
- Kundar på SPAR, som ynskjer det, kan tinga mat og få det pakka for henting
- Det viktig med god hand- og hostehygiene. Bruk antibac og evt. eingongshanskar. Unngå handhelsing og klemming
- Zjakk frisørsalong er stengd, førebels fram til 27. mars. Alle timeavtalar går ut. Det er ikkje høve til å få ny time i denne perioden
- Elins Matgleder sin restaurant i Skålagato er stengd
- Tillyste arrangement som Vårdansen i Helgheim og Jazzen på Dønhaug er avlyst
- Uskedal Utvikling utset det tillyste årsmøte, som skulle vore i neste veke

Alt i morgon kjem Regjeringa ut med meir informasjon og framlegg til tiltak for næringslivet og for dei i samfunnskritiske situasjonar.

Dei som har viktig informasjon for allmenn interesse, kan senda Uskedalen.no ein e-post.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermbilete/ Kristian Bringedal



God handhygiene er viktig. SPAR Uskedalen har sett fram antibac og eingongshanskar ved inngangen.